

Om asfalteringa øvst i dalen.

27.07.2016



Nyleg kom det asfalt på 300 m på Øvre Musland.

Etter at det tidlegare i sommar vart lagt asfalt fleire stader i Uskedalen, [sende Møyfrid Kristoffersen brev til kommunen](#) der ho ragerte på planlegging og ressursbruk når det galt arbeidet som vart gjort øvst i Uskedalen. Kvinnherad kommune har sendt brev med forklaring på dette til henne.

Det er sakshandsamar Egil Eide som svarar på vegne av kommunen. Han skriv i brevet at det ikkje var sett av midlar til asfaltering på vegen øvst i Uskedalen korkje i 2015 eller i 2016, og legg til: 'Men i samband med asfaltering andre plassar i Uskedalen, viste det seg at me fekk ein moglegheit til å asfaltera 300 mtr sjølv om det ikkje var satt av midlar til dette i 2016. Det vert da større moglegheit til å asfaltera resterande strekke ved eit seinare høve.'

Når det gjeld ressursbruk, så har Kvinnherad kommune ein rammeavtale med NCC vedr asfaltering. Denne avtalen tilseier at oppgjer for utført asfaltering vert pr tonn ferdig lagt, og ikkje etter timeforbruk.'

Møyfrid Kristoffersen har takka for denne tilbakemeldinga, og understrekar at god planlegging er ressurssparande, og ho oppfordrar til å leggja ein plan for asfaltering av både vegstrekka øvst i dalen og andre kommunale vegar. Ho skriv at ho 'lurer på kva som skal til for at denne korte vegstrekka og andre kommunale vegar ikkje skal vere avhengige av tilfeldigheter, men i staden kome med i ei fagleg planlegging.'

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland